



Supportarane har framleis noko å glede seg over på Norway Cup

Som kjent gjekk alle Rosendalslaga ut av A-sluttspelet i Norway Cup i går. I B-sluttspelet er framleis G-15/16-laget med. Dei spela 16.delsfinale i føremiddag, og etter ein fortent 1-0 siger over Kvernbit, er dei klare for 8.delsfinale i ettermiddag.

Det var to jamne og gode lag som møttest. Det starta med eit lite Rosendal-overtak som vart avbrote av farlege Kvernbit-kontringar. Utover i første omgang hadde begge lag sine sjansar utan å få utteljing, og pauseresultatet vart dermed 0-0.

Tidleg i 2.omgang sette Hans Fredrik Zimmer eit flott langskot i mål, og dermed 1-0 leiing til Rosendal. Begge lag hadde målsjansar, men resultatet stod kampen ut. Dermed vart det siger til Rosendal, og dei er klare for 8.delsfinale. Den går kl.14.20 i ettermiddag, og motstandar vert enten Lura eller Stegaberg.

Tekst: Thor Inge Døsland.

Foto: Privat/Rosendal Turnlag.